# Kyrkjetonar



Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn Nr. 4/2020 - 62. årgang

***Og mens de var der, kom tiden da hun skulle føde, og hun fødte sin sønn, den førstefødte. Hun svøpte ham og la ham i en krybbe, for det var ikke husrom for dem.***

*Lukas 2,6-7*

**Framsidebiletet:**
***Julekrybba i Aksdal kyrkje***
*foto: Asbjørn Erdal*

# Med blikket på målet

redaktørens hjørne

*Det er nye og utfordrande tider, også for alle som er tilsette og er frivillige i kyrkja. Når samfunnet stengte ned i mars måtte også vi ta ein fot i bakken, kyrkjene vart stengt og all fritidsaktivitet lagt på is. Etter kvart har me klart å opna opp att for eit tilnærma normalt gudstenesteliv. Ein del fritidsaktivitetar er framleis i ventemodus - mest fordi dei frivillige eldsjelene i barne-arbeidet ofte er oppi åra, og fordi det er vanskeleg å halda skule-klassane (kohortane) kvar for seg på ungdomsklubben.*

*Dei tilsette i kyrkja melder om ein kvardag med masse ekstraarbeid når nye smittevernreglar endrar kor mange som kan besøka kyrkja og korleis ein skal handtera sitteavstand, kohortar og reinhald. Den store offentlege merksemda kom fyrst når kyrkjebenker som har stått der i hundrevis av år, plutselig ikkje vart definert som «fastmontert», og dermed måtte billettsalet til julekonsertar reduserast.*

*Eg tenkte å gje denne teksten «å skyta på bevegelig blink» som overskrift, og samanlikna med skytekonkurransen «løpende villsvin» der blinken er festa på ein taubane framfor skytterane. Men realiteten er jo det stikk motsatte: Målet står fast!*

**Midt oppi endra smittevern-reglar må me løfta blikket og fokusera på målet: Å fortelja om Jesus til unge og gamle.**

*Ståle Hustoft*

*Redaksjonen avslutta 15. november*


Her kan du betale med vipps

523083
Vipps-nummer


***PS:** Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du nå betala den frivillige kontingenten og gåver til VIPPS-nummer 523083*


## Kyrkjetonar

**Utgivar: Soknseråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.
**VIPPS-nummer: 523083**
Frivillig kontigent: kr. 150,-
Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft


**Kyrkja i Tysvær og Bokn**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon*: 52 75 77 00**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: kyrkja@tysver.kommune.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

**Sokneprest Arne Aurdal**
Mobiltelefon: 93 415 402

**Sokneprest Dag Tormod Milje**
Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Gjermund Lygre**

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**

**Menighetspedagog Hjørdis Kristina Støle**

**Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus**
mobiltelefon: 48 891 427

**Trusopplæring/Kyrkjenær**
**Leiar Kyrkjenær:** Marit Sofie Teistedal Vikre
**Medarbeidarar:**
Nedstrand: Janne I. Eide
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Telefon: 52 75 77 00*

**Organistar**
**Johannes Støle**, *mob: 456 00 925*
**Bergfrid Seibt,** Tysvær kyrkje

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Eva Birkeland**
Mobiltelefon: 950 51 038
**Bokn kommune: Jan Magne Moi**
Mobiltelefon: 913 59 668

**Kontorsekretær**
**Katrine Eide**

**Kyrkjetenarar**
**Tysvær sokn:**
**Førresfjorden sokn:**
**Bokn sokn:**
*Odd Grønnestad, 52 74 84 03*
**Nedstrand sokn:**
*Gunn Elisabeth H. Ertenstein, 976 18 216*
**Skjoldastraumen:** *Eva Keller, 936 75 972*
**Vaktmester alle bygg:**
Steinar Sælevik, 404 84 981





*Leiar i soknerådet, Merete Alvestad (t.h.) ynskja Marit Sofie Teistedal Vikre og Tor Egil Eriksen velkommen i teneste i Bokn sokn.*

# Ny prest og ny kateket

*av Jan Magne Moi*

**Søndag 6. september blei ny prest, Tor Egil Eriksen, presentert for kyrkjelyden. Me er svært takksam for at Eriksen tok imot stillinga og slik kunne overlappa Arne Aurdal direkte no i haust.**

Tor Egil Eriksen er født i Stavanger, har vore misjonær i Sør Afrika, kretssekretær for KFUM/K i Sogndal, prest i Rossabø og kom no frå Finnøy. Han har vakse opp med speidararbeid og passar på den måten også godt i Bokn der speidararbeidet er eit godt innarbeid arbeid i bygda.

Etter fleire år utan tilsett kyrkjelydsarbeidar, var det utruleg bra å kunne presentere Marit Sofie Teistedal Vikre for kyrkjelyden. Ho er utdanna som kateket og er no tilsett i 20% stilling. Marit Sofie vil ta ansvar for arbeidet for dei ulike aldersgruppene gjennom opplegget me har i Kyrkjenær.

No har me felles prest, organist og kateket med Tysvær. Det gjer at me kan ha felles stabsmøter og kan gjennomføre opplegg som me har gjort erfaringar med i kyrkjelydane.

Hjarteleg velkomne begge to.

på kyrkjebakken

# Eit barn er fødd i Betlehem

*Juleandakt av biskop Anne Lise Ådnøy*

«Eit barn er fødd i Betlehem», tenk over kva staden og situasjonen betyr for evangeliet om Jesus. Astrid Lindgren har skrive ei vakker barnebok der Harald Wiberg har måla Jesu fødsel inn i svensk vinterlandskap. Sauene og kyrne i stallen er med på å gi varme til den heilage familien.

På liknande måte har kunstnarar opp gjennom tidene fargelagt bibelforteljinga ut frå si tid og miljøet sitt.

Kva betyr det for trua vår på Jesus at vi bur i Rogaland? Korleis blir vår opplevinga av Jesus farga av at vi har levd i eit år med pandemi? Ser vi tydelegare enn før at vi treng Guds hjelp?

Det at Gud vart menneske betyr at trua på Guds son må bli farga av dei vi er, til kvar tid. I misjonsarbeid kallast dette kontekstualisering.

Konteksten påverkar framsyningane våre, også det vi trur på. Gud tar sjansen på å komma oss så nær at vi bli ein del av forteljinga. Vi blir «Guds barn» gjennom ord og sakrament.




Når forteljinga om Jesu fødsel rører og skaper tru kan vi møta dagane og utfordringane vi står i meir tillitsfullt, med større mot. Neste gong du syng om Betlehem kan du sjå for deg den nyfødde Frelsaren akkurat der du bur, saman med deg og folka dine.



*foto: Marie von Krogh/ Stavanger bispedømme*

***Gledeleg jul, midt i alt!***

*Vi har lært å kjenna den kjærleiken Gud har til oss, og vi har trudd på han.*

*1.Joh 4,16*

## Ungdomsklubben i Tysværvåg

I haust har vi hatt fire laurdags-kveldar med ungdomsklubben i Tysværvåg. Mellom 30 og 40 har vore til stades kvar gong.

Trass i strenge koronareglar der kvart klassetrinn er ein kohort, kjem det gode tilbakemeldingar om kjekke kveldar. Her er bilete frå eit styremøte på Soknehuset.



*tekst/foto: Marit Sofie Teistedal Vikre*

## Måleria er heime igjen



Dei to store epitafie-måleria som høyrer til bak i Nedstrand kyrkje har i lengre tid vore i Stavanger til restaurering. Onsdag 28. oktober kom dei heim igjen, og konfirmantane fekk ei eksklusiv orientering av Anne Ytterdal, malerikonservator ved arkeologisk museum.

Kyrkjetonar vil koma tibake med meir om måleria, og restaureringa dei har gjennomgått.



# Oppstartfest og familiedag i Tysværvåg

*av Marit Sofie Teistedal Vikre*

**Søndag 27.september 2020 arrangerte laga som driv barnearbeid i Tysvær sokn aktivitets – og oppstartsfest. Til saman blei det registrert 94 personer som deltok på arrangementet.**

Veret var på vår side, så det blei ein flott utandørs familiefest med samlingsstund på og ved utescenen, og mange engasjerande aktivitetar.





Størst engasjement skapte nok biltrekkingskonkurransen som føregjekk på parkeringsplassen ved Tysvær Soknehus.

Det er sjeldan det kjem så mange positive tilbakemeldingar som vi fekk ved dette arrangementet. Det var kjekt og relasjonsbyggjande, og mange blei betre kjend med det allsidige arbeidet som skjer i vår samanheng.
Vi opplevde også at koronatiltaka fungerte greit.

# Julgudstjenester og påmelding

*av Dag Tormod Milje*

**Julehøytiden samler vanligvis mange til gudstjeneste. Spesielt på julaften har vi alltid fulle kirker. For de som leder og medvirker i julegudstjenestene er det inspirerende å kjenne menighetens forventning og glede. Det er en sterk opplevelse av fellesskap når feststemte folk, unge og gamle, samles for å motta og delta i høytidens underfortelling, som lovsynger og undres over troen på Guds kjærlighet som kommer til vår verden.
Vi berøres av mysteriet: Barnet i krybben viser oss Gud.**

På tross av smittebegrensninger ønsker vi å samle folk i kirkene også i denne julen. Foruten smitte er det to andre ting vi ønsker å unngå. Vi vil unngå at feststemte barn og voksne skal bli stoppet i kirkedøra fordi alle plassene er opptatt. Men vi vil også unngå en situasjon der folk lar være å komme til kirkene fordi de tror at det er umulig å få plass i kirkene julaften.



Derfor har menighetene i Tysvær bestemt at vi skal ha påmelding til alle gudstjenestene på julaften og 1. juledag.

Det betyr at vi oppfordrer folk til å melde seg på gudstjenestene ved å registrere seg ved hjelp av internett. Informasjon og link til påmeldingsside vil komme på www.tysverkirken.no og på facebooksidene til menighetene. De som ikke er på internett kan ringe kirkekontoret for registrering.

Vi åpner for påmelding 13. desember (3. søndag i advent) kl. 15.00 Hver påmelding kan ha maks 5 personer som må tilhøre samme gruppe/kohort (som kan sitte uten en meter avstand fra hverandre).

Vi håper denne ordningen vil legge forholdene best til rette for en høytidsstemt og god julefeiring i kirkene.

# Den julekvelden gløymer eg aldri

*Tekst: Eivind Hauglid, konsulent/nestleiar Kirkens SOS Rogaland*

**– Tenk at nokon – heilt frivillig – sit der på sjølvaste julekvelden og har pynta seg for meg, fortalte ein innringar.**

For nokre år sidan fekk Kirkens SOS denne tilbakemeldinga frå ein innringar.
– På julekvelden var eg heilt aleine og fekk lyst på litt selskap. Det var ei dame som svarte då eg ringde til Kirkens SOS. Ho var så hyggeleg. Vi fekk ein god samtale og det gjorde stort inntrykk på meg då ho fortalte at ho hadde tatt på seg bunaden sin for å feire jul saman med oss som ringte inn. Det fekk meg til å føle meg viktig. Tenk at dei frivillige i Kirkens SOS brukar av fritida si og i tillegg pyntar seg for meg på sjølvaste julekvelden. Det gav meg håp.

**Når livet buttar imot**
Sjølv om vi bur i eit av verdas aller rikaste og beste land, er det dessverre mange som har det vanskeleg og mange som går rundt med tankar om at dei ikkje orkar å leve lenger.
Mange av desse ringer heldigvis Kirkens SOS eller ein av mange andre hjelpetelefonar i Norge.
Kirkens SOS er Noregs største døgnopne kriseteneste på telefon, chat og meldingar. Kirkens SOS Rogaland feirar 40-årsjubileum i 2020.

**Auke i samtalar**
Dette året har vist oss at det er større behov for Kirkens SOS enn nokon gong. Psykiske lidingar og sjølvmord fekk stor merksemd i julehelga 2019, då Ari Behn tok livet sitt. Dette førte til at mange tok kontakt for å prate om det som var vanskeleg. Utover våren, - då Covid-19 førte til kvardagen til folk flest vart radikalt endra, auka samtalene på telefon og chat med ca. 25%. I 2019 var det 5% av samtalane som hadde sjølvmord som tema – dette året har det auka til omlag 10%.
Det vart sagt at Norge opplevde korona-krisa på fyrste klasse, men det var likevel mange som fall utanfor, som ikkje hadde nettverk, som fekk timen med terapeuten avlyst osb. For mange førte korona-tida til at problema dei hadde vart forsterka og forverra. Dei som var einsame vart dobbelt einsame.

**Lyspunkt**
Mange opplever samtalen med ein frivillig på Kirkens SOS som einaste lyspunkt i ein trist og tung kvardag. Kirkens SOS er kyrkjelyden sin



*Kirkens SOS fyller 40 år i 2020. Pga. koronasituasjonen har feiringa blitt utsatt.*

diakonale, forlenga arm mot menneske som har det vanskeleg og som treng eit medmenneske å snakke med. Nokre er sjuke. Andre er redde eller einsame. Nokre fortel om sjølvmordstankar. Ganske ofte får Kirkens SOS tilbakemelding om at kontakten utgjorde ein skilnad – nokre gonger på liv og død.

**Starten**
Kirkens SOS har sitt utgangspunkt i den engelske organisasjonen The Samaritans. Denne organisasjonen starta på 1950-talet. Då las den anglikanske presten Chad Varah i ei avis at det i London var tre personar som tok sitt eige liv kvart døgn. Han sette inn ei annonse i avisa med omtrent følgjande ordlyd: «Før du tek livet ditt, ring meg + navn & telefonnummer» Folk byrja å ringe og vart invitert til kontoret hans for ein prat.



*I korona-tida har Kirkens SOS Rogaland laga ei lita bok som ønskjer å vere med å bidra til den gode samtalen, markere 40-årsjubileet og rekruttere nye medarbeidarar. Boka er gratis.*



*Sjølvmord aukar dessverre blant eldre menn*




Kirkens SOS trenger flere frivillige!






Nytt kurs starter i Stavanger den 17. feb 2021
-----------------------------------------------
*Les mer her:* kirkens-sos.no/frivillig
*Ta gjerne kontakt:*
rogaland@kirkens-sos.no eller tlf: 971 70 995


Ein dag gjekk det opp for Varah at det kom mange fleire folk til samtale enn dei han sjølv fekk møte. For mange av dei som kom, viste det seg å vere nok å bli møtt med ein kopp te og ein venleg samtale med sekretæren! Då forsto han at det å bli sett og lytta til av eit heilt «vanleg» menneske var det som skulle til for å få mot til å leve vidare.
I følgje Varah fekk annonsane også ein annan effekt, nemleg at mange tok kontakt og ville hjelpe til. Slik vart organisasjonen The Samaritans etablert. Modellen vart tatt til Norge og på slutten av 50-talet, vart Kirkens natt-tjeneste etablert. I 1974 vart det til Kirkens SOS.

**Flotte frivillige**
Kirkens SOS Rogaland har ca. 75 frivillige medarbeidarar, men vi skulle gjerne hatt fleire. Saman med nesten 1000 frivillige på 10 andre sentra rundt omkring i Norge er vi på vakt døgnet rundt, sju dagar i veka, – kvardag, helg og høgtidsdagar.
– Dei frivillige i Kirkens SOS er heilt spesielle, seier Signe Bøe Trodahl. Sidan 2013 har ho vore leiar av Kirkens SOS Rogaland. – Dei gjer ein fantastisk innsats og står på, mange i år etter år.

**KIRKENS SOS ROGALAND**

**kirkens-sos.no/rogaland**

**rogaland@kirkens-sos.no**

**Tlf: 971 70 995**

**Kontonr. 7011.05.20067**

**Vipps 549007**



# Avskjed med sokneprest Arne Aurdal

*Tekst: Marit Sofie Teistedal Vikre*

Søndag 23.august var det avskjedsgudsteneste i Tysvær kyrkje med «presten vår» Arne Aurdal. I gudstenesta song barnekoret, slik dei og gjorde da Arne starta i Tysvær i 1993. Prosten hadde avskjedshelsing på vegne av biskopen, og preika til Arne peikte på at det var viktig å ha Bibelen og Gud med i livet, og at ein ikkje skulle vere bekymra, men søke Guds rike først.



Etter gudstenesta arrangerte soknerådet ein flott fest for kyrkjelyden i den nye Falkeidhallen. Der blei det servert varm mat, kake og kaffi. Det vanka både underhaldning og talar. Det blei understreka kor glad både små og store har blitt i denne makalause presten gjennom 27 år!

Noko av det som blei nemnt i talane var at prestetenesta har vore ein integrert del av livet, og at det er få som er så sosiale som denne presten. Det er mange som gjennom åra har fått «den gode samtalen» med Arne Aurdal. Arne stiller gode spørsmål, og får folk til å slappe av og kjenne seg verdifulle. Folk treng å bli sett og inkludert i fellesskapet i kyrkjelyden og få utvikle trua på Jesus.

Ungdomsarbeidet i K/M-klubben har vore ein viktig del av satsinga til Arne. Mange ungdommar har gjennom åra erfart å bli utfordra både praktisk og åndeleg.

Preikene til Arne Aurdal med teikningar, illustrasjonar og eit levande språk har fenga små og store, og vore til vekst og inspirasjon for mange. Tysvær kyrkjelyd er takksam for at Arne og Kristine Aurdal framleis blir ein del av kyrkjelyden i Tysvær sokn!




**Preika denne sundagen var henta frå Matt. 6,24-34**
*Ingen kan tena to herrar. Han vil hata den eine og elska den andre, eller halda seg til den eine og vanvørda den andre. De kan ikkje tena både Gud og Mammon. Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med. Er ikkje livet meir enn maten og kroppen meir enn kleda? Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei? Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si? Og kvifor er de urolege for kleda? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei. Når Gud kler graset så fint, det som veks på marka i dag og blir kasta i omnen i morgon, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk – de lite truande! Difor må de ikkje vera urolege og seia: 'Kva skal vi eta?' eller: 'Kva skal vi drikka?' eller: 'Kva skal vi kle oss med?' For alt dette er heidningane opptekne av. Men Far dykkar i himmelen veit at de treng alt dette. Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg. Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.*

# Det kunne ikkje vore betre!

*av Marie Vågshaug*

**Underteikna hadde gleda av å delta på avslutnings-gudstenesta Arne Aurdal hadde i Bokn kyrkje, og festen etterpå, 23. august.**

**Tittelen eg har sett på dette vesle referatet er svaret ein eldre kar på Bokn gav då dotter hans spurte korleis han likte den nye presten, då han hadde høyrt Arne preike for fyrste gong. «Det kunne ikkje vore betre», svara han.**

Arne har vore prest hos oss sidan desember 1993. Og no, etter alle desse åra, kan nok veldig mange av oss her på Bokn seie oss einig i nettopp dette at det kunne ikkje vore betre!

Gudstenesta starta med vakker musikk frå Bokn brass, noko som gjorde den ekstra høgtidsstemt.

Ein ting som kjenneteiknar Arne på talarstolen er at han nyttar teikningar og ting for å illustrere bodskapen han vil formidle, særleg når det er familegudsteneste. Arne starta også denne preika i kjent stil med stor teikning. Motivet denne gongen var eit dåpsbarn kvilande i Guds hand. Han snakka om «bekymringar» og uro me menneske ofte slit med, og om å ikkje vere urolege for morgon-dagen, om å først søke Guds rike og hans rettferd, om tilgjeving og tryggleik.

Han hadde også med seg ein plastboks som var eit bilete på livet vårt. Boksen var så full av ting; mobiltelefon, traktor (symboliserte arbeid), twist (fritidsaktiviteter og kos), at det ikkje var plass til Bibelen (Gud). Han pakka boksen om, og då han la Bibelen oppi først fekk han plass til alt det andre i tillegg. Lettfatteleg for alle, også dei små.

Han snakka om å ha struktur på livet, grunnmur, reisverk, og bærebjelke for at «huset» skal stå stødig.

Arne bestemte seg for å bli prest allereie som barn. Han oppmoda oss om å be Gud om å sjå kva han vil med livet vårt, be om kraft, og auge som ser dei rundt oss.



Etter det formelle i kyrkja var over tok sokneårdsleiar Merete Alvestad ordet. Ho takka for godt samarbeid og gav Arne ei gåve på vegne av soknerådet, ein barne-jærstol.

Arne har alltid vore lett og be når speidrerane trong nokon til å halde andakt, anten det var basar eller eller andre samkomer. Dei takka presten med flaggborg utanfor kyrka då kyrkjelyden gjekk ut.

Etter gudstenesta baud soknerådet til fest. Grunna strenge smittevern-tiltak var festen i Bokn Arena der det var god plass til dei rundt 100 som kom. I arenaen var mange av teikningane Arne hadde brukt i preikene sine opp gjennom åra hengt opp på veggen, og det var pynta med blomar på bordene. Sokneårdsleiar Merete Alvestad leia festen på ein sikker og fin måte.

Bokn Brass «slo an tonen», før ordførar i Bokn, Osmund Våga, takka for det presten hadde betydd for boknerane i både glede og sorg. Ordføraren hadde med seg eit flott bilde måla av vår lokale kunstnar May Jorunn Vatnaland til Arne. Rektor på Bokn skule, Wenche Havikbotn, takka for det gode samarbeidet skulen hadde hatt med presten desse åra. Ho hadde med seg ein pose med munngodt frå Amundsen-spesial til presten. Mellom helsingane var det innslag med song og musikk.

Songtrioen, Oddrun Nilssen, May Jorunn Vatnaland og Venevil Birkelund song «Jørgen hattemaker» og «Ei vidunderleg verd» og Ole Johan Øvrebø spelte «Adjø» på piano.





Dei tilsette i kyrkja på Bokn, kyrkjeverje Jan Magne Moi, organist Bergfrid Seibt, og kyrkjetenar Odd Grønnestad hadde helsing og gåve til presten. Jan Magne snakka om Arne som jordnær og tydeleg. Han likte måten presten bokstaveleg talt illustrerte familiepreikene sine.

Odd snakka om at det var mange boknerar som var konfirmerte, vigde, og hadde barn som var døypte av Arne, eller som hadde hatt kontakt med Arne ved gravferd i desse åra han hadde vore prest i Bokn. Han hadde rekna seg fram til at Arne hadde delteke på kyrkjelege handlingar ca 1000 gonger i Bokn kyrkje. No når presten pensjonerte seg var det viktig at han heldt seg i form meinte dei, så dei hadde med seg to hummarteiner som gåve, der bøyene var måla kvite med grøn stola.

Det var helsing med takk for godt samarbeid frå Svanhild Alvestad, tidlegare kyrkjeverje.
Prestane Gjermund Lygre og Dag Tormod Milje hadde helsingar. Gjermund hadde med seg stolpeline som gåve.

Organist Stein Johannes Kolnes takka for kjekke samtalar om små og store verdsproblem under fredagskaffien på kontoret.

Ein liten pause mellom helsingane baud på pianomusikk. Runar Alvestad spelte «The Clown» Og Naol Tesfaye Lundervold spelte «Swing low sweet chariot».
Det var også helsing frå Bokn sanitetsforenig. Emilie Moi Eikje og Reidunn Grønnestad hadde med seg blomar og kopp med dialektord frå Bokn, ein såkalla «rolsekopp».

Speidarleiar Svein Ove Alvestad kom med takk for at Arne alltid sa ja når speidaren bad om ein andakt, uansett om det var seint eller tidleg. Han hadde med seg ein flott kniv som Arne kunne sløye fisken han fekk på stolpelina med, men han måtte love å bruke den på teinematen, i alle fall ikkje første året.

Birger Lindanger som først var med i soknerådet som kommunen sin representant, og sidan var vald sokneårdsmedlem var framme med humoristiske minne frå tida si der.



Ein stad mellom alle innslaga på scenen var det pause der det blei servert god gryterett. Det siste på programmet var eit revyinnslag der me verkeleg fekk trena latter-musklane! Festen blei avslutta med kaffi og nydeleg marsipankake.

Ein flott kveld med noko alvor, mykje humor og ein god dose «lått og løye». Etter alt som blei sagt i talar og helsingar til Arne prest blir konklusjonen det same som eg starta overskrifta med.

***Kjære Arne, det kunne ikkje vore betre!***

# Jul i gamle dagar

*av Marie Vågshaug*

Gamle dagar? Hm, kor lenge er det sidan eigentleg? Er det før eller etter me fekk innlagt straum, eller før eller etter at me på Bokn fekk bru til fastlandet? Alt er relativt blir det sagt, men for dei av oss som har levd ei stund kan nok eigen barndom definerast som gamle dagar. Eigen barndom er utgangspunktet for mi forteljing denne gongen.



Det nærmar seg jul, og i våre dagar nærmar jula seg tidlegare for kvart år. Det er som om ein lever på forskot heile tida, hastar stadig mot det som er der framme i staden for å leve her og no. Når jula endeleg er her byrjar mange alt å bli leie av julepynt og «stæsj» og kan ikkje vente med å få pakke det bort.
I gamle dagar, då eg var barn, var julestria i desember. I gamle dagar var det ofte travelt og strevsamt, men mindre stress enn det er i dag.
Det var mangt som skulle gjerast til jul, og mykje av det handla om mat.

Ei stund før jul slakta far eit lam og deler av dette blei det laga rullepølse av. Det var kjekt å sitja på andre sida av bordet og sjå på når mor fylte og sydde pølsene medan lukta av krydder og lauk kitla i nasen.

Nærmare jul blei det laga sylteflesk, syltelabbar, og persesylte eller «håveost» som mor kalla det sidan persesylte blei laga av kjøtet på hovudet til grisen. Det var ulike lukter alt etter kva som blei gjort på kjøkkenet og kor du var i huset. Eit skråkammers på loftet lukta juleeple. På kjøkkenet lukta det krydder og kjøt den eine dagen og nysteikte småkaker den neste. Heilt oppunder jul lukta det sølvpuss, messingpuss, møbelolje og grønsåpe. Mellom anna skulle den trearma parafinlampen takast ned og pussast grundig, og lampeglas og kuplar skulle vaskast. Far sjekka om det måtte skiftast veikar og fylte på parafin. Det er rart kor mykje som handla om lukter, og kor lett lukter vekker minne på godt og vondt.

Til jul vanka det nye kjolar til oss jentene i heimen. Kjolane sydde Nille, ei koseleg lokal sydame. Ho hadde masse fine rynker i det smilande ansiktet. Rynkene på overleppa blei ekstra tette og fine når ho brukte leppene for å halde knappenålene ho brukte når ho skulle passe til, eller legge opp kjolane. Det var stas å gå og prøve kjolane, og få dei innpakka i gråpapir med heim når dei var ferdige. Mor strauk dei og hengte dei klar.

Sundagane skulle haldast heilage i dei dagar, og adventssundagane var ekstra heilage. Då tente me adventslys, fletta glanspapirkorger, og øvde på julesongane. 4. sundag i advent var litt mindre heilag enn dei andre, den blei kalla skitensundag og då var det lov å gjere litt kvardags-husarbeid sidan no var jula rett rundt hjørnet.

Me barna var med på det me kunne etter kvart som me vaks til.

Ikkje før sjølve juleafta blei juletreet pynta, skjøre glaskuler, norske flagg, lys, og glitter kom på plass. Kvart år kom det nye lenker og korger, som me hadde laga i adventstida, på treet. Om treet var skeivt, eller mangla greiner, bora far hol og sette inn nye greiner der det mangla.
Nystrøkne dukar og brikker kom på bord og skap saman med nypussa, blanke sølvstakar med raude lys i.





Den finaste pynten var ei «tredimensjonal» julekrybbe i papp. Ved den kunne me drøyme oss til stallen i Betlehem og sjå for oss at me stod mellom gjeterar og vise menn og såg på det vesle jesusbarnet.
Mor hadde ikkje særleg sans for nissar så det hadde me lite av, men ein gammal piperensarnisse fekk aller nådigast henge på veggen.

På juleafte-ettermiddagen bada me jentene etter tur i ein stor sinkstamp på kjøkkenet før me fekk på oss fine, nye, litt for store kjolar (skulle ha litt å vekse i, må vite) før kyrkjeklokkene kima jula inn i radioen. Så var det å vente på at mor og far skulle bli ferdige i fjøset medan julegrauten stod på komfyren og godgjorde seg på svak varme. (Festmiddagen hadde me på første juledag hos oss.) Me leika oss med appelsinar som var pakka inn i tynt papir, papiret la me som eit skjørt rundt appelsinane og trilla dei att og fram på kjøkkengolvet. «De tre musketerer» dansa att og fram medan minuttane snigla seg av stad.

Då mor og far endeleg hadde fått på seg finstasen «da tenner moder alle lys» og serverer julegrauten på det finaste servise. No kunne høgtida seinke seg over huslyden.

Etter måltidet gjekk me frå daglegstova og inn i bestestova. Far tente lampen. Det måtte vere den vakraste lampen i verda tenkte eg då eimen av parafin seiv ut i stova samtidig som to vaksne og tre småjenter gjekk rundt juletreet og song alle versa på alle julesongane me visste om. For kvar runde rundt treet kunne me spegle dei fine «nillekjolane» i vindauga og kjenne på lukka som bobla i hjarta. Kikke ned på pakkane som låg under treet og berre glede oss.

Kvar kveld i jula, og heilt til tjuendedagsknut jaga jula ut, gjekk me rundt treet og song før mor serverte nøtter og frukt, og både struper og føter kunne få ein kvil. Dette var også tida for å ha, og gå i juleselskap til slekt og vener.

I romjula var eit av høgdepunkta juletrefestane. Då var det så proppa fullt med folk at kvar familie hadde ein krok å henge yttertøyet sitt på. Kan ennå kjenne på kor flau eg blei eingong då alle rundt oss lo då far tok på seg mor si kåpe i trengselen då me skulle heim etter ein fest, men det får bli ei anna forteljing.

***Eg ønskjer alle ei fin adventstid og julehøgtid***

## Adventvise

*Den gongen eg var lita,*
*var himlen alltid blå.*
*Eg spør meg mange gonger*
*om alt var annleis då.*
*For sjølv om det kom dagar*
*då sola gøymde seg*
*så var det alltid stjerner*
*som lyste opp for meg.*

*Desember er den tida*
*eg minnest aller best.*
*Då hadde folk det travelt,*
*då pynta dei til fest.*
*Og me som var litt småe,*
*vart også rekna med.*
*Me laga julepynten*
*til årets juletre.*

*Eg kjenner enno lukta*
*av frost og vedafyr.*
*For meg var adventstida*
*eit vakkert eventyr.*
*Eg kjenner enno gleda*
*som kribla i mitt sinn,*
*det bløymer friske blomar*
*i minnekransen min*

*Me lærde julesongar,*
*me kunne kvart eit vers.*
*Dei tende mange stjerner*
*når noko gjekk på tvers.*
*Me song om Jesus-barnet,*
*me såg kor stjerna brann.*
*Det vesle barnehjarta*
*i stallen kvila fann.*

*No har me meire pengar,*
*me veit at det er slik.*
*Men Jesus er den same*
*for fattig som for rik.*
*Den store julegåva*
*som Himlen sende ned.*
*Den finn me enn i stallen,*
*der får me liv og fred.*

*Haldis Reigstad*

La flere
fylle **fem!**

## REFLEKSJONER OM DET FEMTE VERSET

Eyvind Skeie

Det var spennende å bli utfordret av Kirkens Nødhjelp til å lage et nytt vers på «Tenn lys». Jeg måtte tenke litt på hva jeg kunne si med disse fire ekstra linjene. Hva er annerledes nå enn da sangen ble skrevet?

Det første jeg tenkte på var dette:
Det er på sin plass å trekke inn et videre perspektiv knyttet til det vi kan kalle for økologi, eller vårt ansvar jorden. Men dette ansvaret må vi uttrykke positivt. Det er jordens rikdom det handler om. Det ble den første linjen.

Den andre linjen måtte da ha med seg barneperspektivet, og gjerne nevne «barn i alle land».

Den tredje springer så rett ut av dette perspektivet:
Mange barn lever under press, i utrygghet og redsel. Det er noe vi stadig er blitt minnet om de senere årene. Samtidig vet vi at det er svært mange barn som «er redde» også her i vårt eget land og omkring i hele verden uten at vi får vite om det.

I den siste linjen ville jeg forsøke å samle opp det hele.
Det kunne skje ved å kombinere ordene «lys og håp» og ved å referere direkte til fattigdommen, som egentlig ikke ble omtalt i de fire første versene.
Jeg ønsket også at dette verset skulle ha mer direkte appell i seg og være rettet mot handling.

Det er ikke nok at vi «bare» tenner lys i seg selv.
Vi må også gjøre noe.
Vi må handle.
Det gjør Kirkens Nødhjelp og derfor var det fint å kunne skrive dette verset nettopp i denne sammenhengen.

Med gode ønsker!

I oktober 2016

Eyvind Skeie

### TENN LYS

Det femte verset

Tenn lys for livets rikdom, for jord og luft og vann!
Tenn lys for fred og vennskap, for barn i alle land!
Må ingen være redde og mangle hjem og brød!
Tenn lys og håp i verden mot fattigdom og nød!



## Ny løfteplatform

**Bokn Bedehus har fått montert løfteplatform slik at bevegelsehemma kan koma seg ned i matsalen uten å gå ut.**

Prosjektet er realisert, og det er mange som har vore med å støtta økonomisk.
Bedehusstyret vil takka alle.

***Tusen takk!***

*For styret.*
*Sigmund Alvestad*
*Styreleiar.*





# Gruer seg til iskald vinter

*av Anette Torjusen/Kirkens nødhjelp/ foto: João Sousa*

**For å halda på varmen, bur småbarnsfamilien i eit lite rom i teltet. Det var ikkje framtida dei såg for seg då dei flykta frå Syria for åtte år sidan.**

Weedad Ahmad Al-Khalaf sit utanfor teltet til familien i den vesle landsbyen Mekseh i Bekaadalen i Libanon. Rett bak ragar fjella til heimlandet Syria, ei dagleg påminning om livet som var. Landet ho måtte flykta frå for åtte år sidan.

Livet er veldig vanskeleg for oss og vi bekymrar oss mykje for barna våre, seier ho stille.

**Tre fødslar i flyktningleiren**
Før dei flykta til værutsatte Bekaa, med iskalde vintrar med mykje snø, budde ho i Um El Jurayn ikkje langt frå Aleppo i Syria. Krigen gjorde det farleg å bu der, så farleg at ho til slutt måtte flykta saman med ektemannen Mohammed Hassan Ibrahim og svigermoren Serie i 2012. No deler dei skjebne med 70.000 andre syriske flyktningar i dalen.

Familien på tre har vorte til seks. Tre barn er fødde i flyktningleiren. Eldstemann Yousef vart født for fem år sidan, deretter kom lillebror Aus, som er tre år, og til slutt veslejenta Talia på eitt år.

Alle barna våre har vakse opp her, fortel Mohammed. Noko som fyller både han og Weedad med stor sorg. Dagane deira går med til leik, fotball og spel. Bortsett frå det så er det ikkje så mykje for dei å gjera her. Ikkje har dei skule her heller, eg er redd barna våre må veksa opp som analfabetar.

## Slik gir du årets viktigaste julegåve:

**Vipps eit valfritt beløp til 2426.**

**Send GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.**

**Gåvekonto: 1594.22.87248**



**Vinteren er lang og kald i dalen.**
Kulda og store snømassar skaper problem for oss. Vi har ikkje råd til å dekka til teltet med isolerande vern, for det er så dyrt. Derfor blir det veldig kaldt for oss, fortel Mohammed.

For å halda seg varme, bur dei på eitt rom.
Der varmar vi opp, men i år er brensel ei mangelvare her i dalen. Prisane på brensel aukar, så det er vanskeleg å fyra, forklarer han.
Frå Kirkens Nødhjelp har dei fått tilgang til reint vatn og hygienepakkar.

Vi har runne vatn her i teltet i tillegg til at vi får hygienepakkar. Vi har òg fått mykje informasjon om korleis vi kan ta vare på oss sjølv for å unngå sjukdom, seier Weedad.
Dei hadde fått både vatn og hygieneartiklar før covid-19, noko ho er veldig glad for.

Det har vore så viktig for oss at vi har hatt tilgang til vatn og såpe. Det bruker vi jo heile tida, seier ho.
Behova er store for reint vatn og hygieneartiklar, samtidig som mange treng varme teppe som Kirkens Nødhjelp deler ut i Libanon.

Du kan vera med å hjelpa familiar i nød og gi dei tryggleik til jul. I Libanon kjempar folk mot covid-19 i tillegg til svolt, kulde og fattigdom.
Eksplosjonen i Beirut har gjort fleire tusen heimlause og øydelagt mange liv. Saman kan vi gjera ein forskjell. Vi sørger for reint vatn og hygienepakkar til menneske på flukt, og hjelper dei som er ramma av eksplosjonen med varm mat og husly. Samtidig jobbar vi på spreng for å forhindra spreiing av covid-19.



*Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf er bekymra for framtida til dottera Talia på eitt år. Det er ikkje noko for dei å gjera i flyktningleiren i Bekaadalen, og dei har heile livet på vent*

Kirkens Nødhjelp er norske forsamlingars eigen humanitære organisasjon, og har jobba i Libanon sidan 2013. Der jobbar vi med vatn, sanitær, hygiene og kjønnsbasert vald. På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ein massetilstrømming av flyktningar.

Storleiken på flyktningpopulasjonen har ført til ein auke av befolkninga i landet på 25 prosent og eit enormt press på infrastruktur som vatn, fast avfall og elektrisitet og dessutan tilgjengelege offentlege tenester, særleg i helse- og utdanningssektorane.

Ifølgje Lebanon Crisis Response Plan (LCRP) 2019 manglar 3 208 800 tilgang på trygt vatn. Dette kan føra til alvorlege helserisikoar og eksponering for sjukdom, særleg under overbefolkede leveforhold som enkle teltbusetjingar og husrom av dårleg kvalitet.

## Julafta i Bokn

**Dette året vert gudstenesta i Bokn overført på Facebook. Vanlegvis er kyrkja fullstappa på Julafta. Det er julespel, korps og andre innslag.**

På grunn av smittesituasjonen, vert det avgrensa kor mange som kan kome.

Gudstenesta vert flytta til kl. 13.00 og det vert påmelding til gudstenesta. Gudstenesta bli strømma over internett.



## Me syng jula inn

**Torsdag 10. desember kl. 18.00 er det «Me syng jula inn» i Bokn kyrkje.**

Det er ei samling med lokale krefter og allsang med kjente songar. Anne Tove Øvrebø, ei gruppe frå Bokn musikkorps og born frå musikkskulen blir med.

# KyrkjeNÆR

*tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR*



## Hausttakkefestsamling på Bokn

Det var god stemning i den frodige hagen til familien Hosaas på Bokn ein fredag ettermiddag i september. Ei flott gruppe 2. og 3.klassingar var samla til hausttakkefestsamling med undervisning om skapinga på ulike måtar. Her fekk borna vere med å hauste frukt og grønsaker frå ein rikhaldig hage og drivhus.

Nokre av borna blei så ivrige at dei ikkje hadde tid til å vente på at greipa skulle gjere jobben. Dei sette i gong å grave med nevane for å finne dei største potetene. Kvart barn laga og sin eigen fruktsalat. På søndagen var det hausttakkefest i kyrkja.





*Frå hausttakkefest i Tysvær kyrkje. Foto: Ingunn Lundervold.*



*Frå hausttakkegudsteneste i Aksdal kyrkje 13. september*





Eit glimt frå seminardag for Tysvær-konfirmantane 5.september. Her lagar ei gruppe konfirmantar fingermalingsplakat til presentasjonsgudtenesta.



7. klassetreff med 60 ungdommar frå heile Tysvær og Bokn samla i Aksdal kyrkje 10. september med tema Min digitale verden. Viktig tema - stor interesse - god foredragholder; Alexis Lundh fra Tro& media.

## Digital Misjonsdag

**21.september blei det ein annleis markering av temaet misjon for 9-åringane i Tysvær og Bokn.**

Vi la ut nokre små filmar om temaet på nett, og laga ein spørje-konkurranse der ein kunne finne svar ved å sjå filmane. Svara blei sendt inn, og Luna Tønnesen frå Førresfjorden blei den heldige vinnaren av ein stor spennande forundringspakke!



*Luna vann forundrings-pakken! foto: Katrine Sandvik Tønnesen*

## Babysong



Det blei 5 fine samlingar med babysong for Tysvær og Bokn denne hausten, før koronasituasjonen satte ein stoppar for det. Vi satsar på nye treff til våren!

## Undretur



3-åringar som utforskar kyrkja si. Her er eit bilete frå Undretur i Tysvær kyrkje og eit frå Bokn kyrkje.





Frå **4-årssamlinga** før utdeling av barnebibel, og **undretur** for treåringar i Skjoldastraumen kyrkje og Nedstrand kyrkje.







Frå **4-årssamlinga** i Bokn kyrkje, 2.november.







**Dåpsskule for sjuåringane i** Førresfjorden menighet, 2. september.









Frå samling for Nedstrand og Skjoldastraumen før **hausttakke-gudsteneste** på Tveit vidaregåande skule, 9. september.

## Kva skjer i Kyrkjenær til våren?

- **Babysong**
- **Skulestartsamlingar** ved pinsetid for førskuleborn
- **Dåpsskule** for 1.trinn
- **Diakonidag** for 3.trinn
- Opplegg for 5.trinn med tema **«Bibelen.»** Samlingar, gudstenester med utdeling av Bibel, og leir på Stemnestaden
- **Bli kjent-samlingar** for 7.trinn som snart startar i ungdomsskulen

Vi håpar at det meste lar seg gjennomføre. Følg med på nettsida til kyrkja!

kyrkje nær I TYSVÆR



# TV-gudstjenester fra Haugalandet

av Katrine Eide

**Søndag 4. oktober blir første gudstjeneste på TV Haugaland sendt, fra Karmel på Avaldsnes, som del av et større samarbeid-prosjekt mellom alle fellesrådene på Haugalandet (Haugaland og Karmøy prosti).**

I ukene frem mot sommeren 2021 vil det bortimot hver søndag vises direktesendte gudstjenester fra en av kirkene på Haugalandet, på Tv-Haugaland. Deriblant ni stykker fra Tysvær. Første tv-sendte gudstjeneste fra Tysvær blir fra Aksdal kyrkje 15.november.

Det var 27. september Tysvær kirkelige fellesråd sammen med Den norske kirke sine menigheter i Bokn, Karmøy, Haugesund og Utsira signerte avtalen med Tv-Haugaland.

**Karmøy kirkelige fellesråd først ut.**
Da store deler av landet ble stengt ned under korona måtte folk tenke nytt. Også Den norske kirke. Når "Ola Normann" ikke lenger fysisk kunne komme i kirken, måtte kirken ut til folket. Kirker over hele landet ble digitalisert, og nettsider og sosiale medier ble den nye prekestolen.

Kirken i Karmøy var intet unntak, og begynte å sende gudstjeneste sine på Tv-Haugaland. Det viste seg at lokale gudstjenester falt i god smak hos haugalendingen. Nå følger altså kirkene i både Haugesund, Bokn, Utsira og Tysvær etter.

**Senker terskelen**
Kirkeverge i Tysvær, Eva Birkeland, er storfornøyd med satsningen. Birkeland understreker at dette ikke er ment til å erstatte en vanlig gudstjeneste, men et positivt supplement til gudstjenestene i kirken.

-Det var full respons både fra fellesrådet, ledergruppa, prester og proster, forklarer Birkeland.

Erfaringene fra Karmøy er gode, og vi vet at mange fra Tysvær har sett gudstjenestene fra Karmøy på TV-Haugaland. -Og nå blir det enda mer lokalt.



*Skjermbilde av overføringen fra Aksdal kyrkje 15. november. www.tvh.no*

Birkeland tror at tv`en kommer til å stå på blant annet rundt om på sykehjemmene i Tysvær kommune. De som er gamle og syke, som ikke har anledning til å komme seg i kirka hver søndag, vil nå få et supert alternativ.

-Vi håper at dette i tillegg også kan bidra til å senke terskelen for å delta på gudstjenester fremover, sier Eva.

**Blir sending både formiddag og kveld**
Birkeland selv beskriver seg som en "radiolytter", når det kommer til gudstjenester.

-Jeg like å sitte å skreller poteter søndag formiddag mens jeg hører gudstjeneste på radio, innrømmer Birkeland, som privat helst skur på tv`en om kvelden.

-Det blir det vel en forandring på nå?

-Nå skal gudstjenestene gå direkte kl.11. og i reprise kl.20 på kvelden, så dette skal nok jeg også få med meg, smiler en fornøyd kirkeverge.

**Viktig å vise det kirkelige mangfoldet**
Karen Hesseberg, som er redaktør i Tv-Haugaland sier at overføring av gudstjenester, spesielt jule-gudstjenester, er noe de har tenkt på i staben lenge. Da kirkene i Karmøy tok intiativ til samarbeid, like før påske i år, ble det derfor mottatt veldig positivt.

-For oss ble det godt å komme i gang, og få til et opplegg på noe vi hadde hatt planer om fra før, forklarer Hesseberg. Hun sitter i bilen, sammen med kollega og kameramann, Jarl Vidar Meling, på veg for å møte statsministeren på Stord, når undertegnede ringer.

- Tv-Haugaland skal være for alle samfunnslag, så det er viktig for oss å være med å bidra her, sier Meling.

**Respons respons**
Hesseberg forteller at i 2020 er det de tv sendte gudstjenestene de har fått mest tilbakemelding på av alt de har sendt.

-Vi har fått mailer og melding på facebook fra folk som er fornøyde.

De har blant annet fått medling fra pårørende som er glad for at slektinger på sykehjem kan sitte å følge med på lokale gudstjenester.

Men den positive responsen gjelder ikke bare lokalt skal vi tro Hesseberg

-Gode tilbakemeldinger i fra folk som er bosatt i andre deler av landet, som har sett gudstjenestene, har vi også fått, avslutter Hesseberg stolt.

Full oversikt over hvilke datoer det blir sending fra de ulike kirkene blir lagt ut på nettsiden så snart det er klart.

# Jul i Skjoldastraumen kyrkje og Nedstrand kyrkje

*av Dag Tormod Milje*

**Vanligvis har vi smekkfulle kyrkjer på juleaften. På grunn av covid 19 kan vi ikke ha det i år. Men gudstenester skal vi ha.**

**Ekstra gudstenester og påmelding**
For å legge til rette for at flest mulig kan få med seg julegudstjeneste vil vi i år gjennomføre to ekstra gudstenester på juleaften.
I Skjoldastraumen blir det gudsteneste kl 13.45 og kl 15.00.

I Nedstrand blir det gudsteneste kl 14.45 og kl 16.15. På gudstenestene juleaften må folk melde seg på (gratis). Påmelding gjøres på nett. Informasjon vil bli lagt ut på www.tysverkirken.no Vi vil også legge ut påmeldingslink på facbooksiden til kyrkjene.
(De som ikke kan melde seg på på nett kan ringe kyrkjekontoret i Aksdal.)

Vi vil åpne for påmelding søndag 13. desember (3. søndag i advent) kl 15. Hver påmelding kan ha maks 5 personer som må tilhøre samme gruppe/kohort. Påmelding lukkes når alle tilgjengelige plasser er fylt.

Nå når Kyrkjetonar går i trykken gjelder reglen om at maksimum 50 personer kan være på gudsteneste samtidig. Endrer dette seg vil vi informere om det.

**Gudstenester 1. og og 2.juledag**
Vi minner om at vi også har gudsteneste 1. juledag kl. 12.00 i Nedstrand (påmelding) og 2. juledag kl. 11.00 i Skjoldastraumen. Disse gudstenestene er det vanligvis mindre besøk på og vi vil derfor i år oppfordre folk til å gå på disse. Det er flotte julegudstenester, med et roligere og høgtidsstemt preg som hjelper oss å gi større rom for feiring av og undring over julemysteriet.



*Krybba har ei sentral plassering i Nedstrand kyrkje, både i lysmesse og gudstenesta på julaftan. Etter gudstenesta på julaftan vert krybba, med Jesusbarnet, bore ut av kyrkja og sett saman med dei andre figurane i stallen på kyrkjebakken.*

# (H)julekonsert i Skjoldastraumen

*av Synnøve Bårdsen Lindanger*

**Plassbegrensning og smitte-tiltak gjør at vi i år prøver noe nytt med julekonsert i Skjoldastraumen.**

Dette året har me tenkt å samla ei gruppe med messingblåsarar pluss folk som spele andre instrument og ha ein «JULEKONSERT PÅ (H)JUL» Me vil øve inn fleire julesongar og kjøre rundt i Straumen og framføre desse.

Me har tenkt å starta i Yrkje, deretter Bådsvik, skulehaugen og avslutte utanfor Grendasenteret. Dato (sannsynligvis fredag 18. desember) og klokkeslett vil bli informerte om på facebook og plakater når det nærmer seg.

Me håper at bygdefolket vil kome og at me kan få til eit stort felles julekor på kvar plass me vil syngje og spele.

Så den tradisjonelle julekonserten i kyrkja blir dette året erstatt med «Julekonsert på (h)jul».





# Julekonsert i Nedstrand kyrkje

*av Dag Tormod Milje*

**Søndag 20.desember kl 20 blir det julekonsert i Nedstrand kyrkje. Julen 2020 vil på mange måter være preget av Covid 19 og tiltak som følger av det.**

Men vi legger opp til at folk i år også skal få komme til kyrkja og og oppleve høgtid og julebudskap, samtidig som smittevern ivaretas.

Våre solister Ingrid Langballe Skogvold, Åsne Breidablik Hustoft, Ingrid Hustoft og Jorunn Sande Baustad vil fremføre et utvalgt av våre flotte julesanger, i musikalsk bredde fra gospel til salmer. Fellessang blir det selvfølgelig også.

Vi har fått med oss vårt «faste» husband Vegard Fossum, Kjetil Olai Lundø, Halvor Lillesund og Torleif Fossum. Vår nye organist Steinar Alvsaker deltar også. Arne Myskja er som vanlig musikalsk leder og leder kvelden.

NB!: Billetter (kr 200) kjøpes på nett på Tysværtunet: https://www.tysvertunet.kulturhus.no/kulturprogram/

På grunn av plassbegrensning kan vi ikke ha så mange som vanlig i kyrkja så dette blir en «eksklusiv» konsert for de som først kjøper billetter.

# Julekrybba i Nedstrand

Hver søndag i advent kl. 17.00 blir det samling ved julekrybba som står ute ved kyrkja i Nedstrand.

Vi setter inn nye figurer som hører julefortellingen til, vi leser bibeltekstene og synger sammen.

**Alle er hjertelig velkommen – uansett vær.**





*Tysvær Blandakor med gjestemusikere i aksjon. Dette bilde skulle hatt lyd..*

# Kirketoner over Haugalandet

*av Asbjørn Erdal*

**Folk i distriktet vårt er heldige. Tre ganger i året kan man oppleve flotte konserter med Tysvær Blandakor. Vår og høst er det «Syng med oss», og i desember er det julekonsert i Aksdal kirke.**

«Blandakoret» består av 40 dyktige amatører som øver hver torsdag kveld. Koret har god balanse i stemmene, og mange flinke sangere. Flere har sunget i koret i 20 til 30 år og synes det er sosialt og trivelig å være med. Nye sangere blir tatt godt imot og fort inkludert i gjengen. I tillegg til de lokale konsertene, drar koret på utenlandstur ca. hvert femte år. Sist gang var de i Frankrike, og før det har de vært både i Italia, Spania og Portugal.

I år er Aksdal kirke 25 år. Tysvær Blandakor ønsket å bidra til jubileet med en flott konsert i kirken i vår. Den skulle også settes opp i Sveio og Skåre kirke. 17 sanger fra flere århundrer ble plukket ut og øvd inn. Men år 2020 ble et rart og krevende år for alle som planla arrangementer. Den første konserten gikk som planlagt i Sveio den 8. mars. I Aksdal kirke skulle konserten være 15 mars, men da var Norge nedstengt pga korona. Så da alt var innøvd og klart for de siste to konsertene, måtte koret ta pause til etter sommerferien.

Men i slutten av august bestemte man seg for å fortsette der en slapp i mars. – Dette ble rene maratonløpet, sier dirigent Magne Kristoffersen, som selv har sprunget maraton, og vet hva han snakker om.
- Konserten som skulle vært holdt i Skåre kirke, gikk i stedet i Skjold som hadde mer kirkerom for disse koronatidene. Og den 25. oktober ble endelig konserten framført i en korona-fullsatt Aksdal kirke, sier Magne.



*Magne Kristoffersen i kjent posisjon.*





*Publikum i en fullsatt Aksdal kirke (med korona begrensninger) fikk oppleve en fantastisk konsert med Tysvær Blandakor den 25. oktober.*

Før konserten var det lang kø utenfor, og dessverre fikk ikke alle plass blant de 200 som kirka fikk romme. Men tilhørerne fikk en drømmekveld med konserten som ble kaldt «Kirketoner over Haugalandet».

Både koret, gjestemusikerne og sanggruppen Kvederane, som har sitt utspring fra Misjonskirken i Haugesund, sang og spillte så folk fikk gåsehud. Bildene her skulle hatt lyd, så hadde dere også fått del i denne musikalske opplevelsen!

Bak alt dette står den sprudlende Magne Kristoffersen. Han var med da Tysvær blandakor ble startet i 1982, og har vært dirigent i 32 av årene som koret har holdt på. Magne har utviklet og inspirert sangerne og løftet koret, slik at de nå storlig imponerer sitt publikum.

I 2022 har koret 40 års jubileum, og en har så smått begynt å tenke på en konsert som skal markere det jubileet. Men først av alt står den tradisjonelle julekonserten i Aksdal kirke for tur søndag 20. desember.

Og når Magne Kristoffersen da synger solo på «O helga natt» så det ljomer i hele Aksdal, så synker julestemningen inn hos alle de frammøtte. Gled dere til denne kvelden!



*Magne Kristoffersen får en velfortjent blomsterbukett etter en imponerende konsert.*

## Søndagsskole for voksne

**Den norske kyrkja har nettopp lansert podkasten «Søndagsskole for voksne», med Solveig Kloppen og prestane Trond Bakkevig og Silje Kivle Andreassen. I podkasten skal dei tre saman finne svar på store og små spørsmål knytt til Bibelen og kristen tru.**

– I denne podkasten skal du få svar på dei spørsmåla du ville stilt ein prest om du møtte ho på fest, seier programleiar Solveig Kloppen. – Vi håper at både vi tre og lyttarane skal vere litt klokare i slutten av serien.

**Spørsmål om kristendom og tru**

Mellom spørsmåla som vert diskutert er «Kvar var Gud 22. juli?» og «Kan ein vere kristen sjølv om ein ikkje les i Bibelen?»




–Dette er tema som eg likar godt å snakke om, så eg ville ikkje la dette høvet gå i frå meg, seier Silje Kivle Andreassen, sokneprest i Holmlia. – Eg tykkjer det er ein god idé å drive søndagsskule for vaksne, for vi blir aldri heilt ferdige med å lære.

– Eg likar å få vanskelege spørsmål, seier pensjonert prost Trond Bakkevig. – Då må eg skjerpe meg litt, og tenkje gjennom kvifor eg tenkjer slik eg gjer. Kunnskapen om kvar vi kjem frå, og kvar vi eventuelt vil høyre til, er viktig å få med seg.

**Lytt der du høyrer podkast**

«Søndagsskole for voksne» kan du høyre på alle dei vanlege plattformer der du lyttar på podkastar.

## Preiketekstane – vinteren 2020/2021

| | | |
|---|---|---|
| Søndag 22.nov | **Domssøndag / Kristi kongedag** | Matt 25,31–46: Dommen |
| Søndag 29.nov | **1. søndag i adventstiden** | Luk 4,16–22: Jesus står frem i Nasaret |
| Søndag 6.des | **2.søndag i adventstiden** | Luk 21,27–36: Guds rike er nær, våk og be |
| Søndag 13.des | **3.søndag i adventstiden** | Luk 3,7–18: Frukt som svarer til omvendelsen |
| Søndag 20. des | **4. søndag i adventstiden** | Luk 1,39–45: Maria og Elisabeth |
| Torsdag 24. des | **Julaften** | Luk 2,1–20: Jesus blir født |
| 24. des/25.des | **Julenatt / Ottesang** | Matt 1,18–25: Josef og Jesu fødsel |
| Fredag 25. des | **Juledag** | Joh 1,1–14: Ordet ble menneske |
| Lørdag 26. des | **Stefanusdag / 2. juledag** | Matt 10,16–22: Som sauer blant ulver |
| Søndag 27. des | **Romjulssøndag** | Luk 2,36–38: Profeten Anna fortalte om barnet |
| Torsdag 31. des | **Nyttårsaften** | Joh 14,27: Min fred gir jeg dere |
| Fredag 1. jan | **Nyttårsdag / Jesu navnedag** | Matt 1,20b–21: Navnet Jesus, han skal frelse |
| Søndag 3. jan | **Kristi åpenbaringsdag** | Luk 2,40–52: Jesus som tolvåring i tempelet |
| Søndag 10. jan | **2. søndag i åpenbaringstiden** | Mark 1,3–11: Døperen Johannes og Jesu dåp |
| Søndag 17. jan | **3. søndag i åpenbaringstiden** | Joh 4,4–26: Kvinnen ved brønnen |
| Søndag 24. jan | **4. søndag i åpenbaringstiden** | Joh 9,1–7.35b–38: Mannen som var født blind |
| Søndag 31. jan | **Såmannssøndag** | Mark 4,26–34: Såkornet og sennepsfrøet |
| Tirsdag 2.feb | **Kyndelsmesse** | Luk 2,22–40: Jesus blir båret frem i tempelet |
| Lørdag 6. feb | **Samefolkets dag** | Matt 22,34–40: De to store bud |
| Søndag 7. feb | **Kristi forklarelsesdag** | Mark 9,2–13: Disiplene får se Jesu herlighet |
| Søndag 14. feb | **Fastelavenssøndag** | Joh 12,20–33: Jesu død og herliggjørelse |
| Onsdag 17. feb | **Askeonsdag** | Matt 12,38–42: En ond slekt krever tegn |
| Søndag 21. feb | **1. søndag i fastetiden** | Matt 16,21–23: Om lidelsen og Peters protest |
| Søndag 28. feb | **2. søndag i fastetiden** | Luk 7,36–50: Hun som fikk syndene tilgitt |

nytt frå kyrkjeverja

## Minnelund i Bokn

**Bokn kyrkjelege fellesråd har fått godkjent tilrettelegging av Minnelund på gravplassen.**

Dette er ei ordning der ein kan setje ned urner på eige gravfelt. Her vil ein ikkje merka staden for den einskilde urna, men ha ein felles stein med plass til fleire plakettar.

Gravsteinen som vert sett opp, er ein som er funnen lokalt. Det vil bli plass til 16 plakettar på gravsteinen. På plaketten kan ein få plass til namn på avdød og dei opplysningane ein elles ville hatt på ein eigen gravstein. Det vil vere høve til å skifte ut plaketten med ein ny med tilleggs-namn (ektefelle eller liknande).

*av Jan Magne Moi*


**Stell av gravplasser i Tysvær**

AOI Arbeid og Inkludering

**avdeling Vepro**

**Tlf: 93 21 66 79/ 52 75 88 60**


**Ledig stilling:**

### Ungdomsdiakon

Tysvær kyrkjelege fellesråd har i samarbeid med Førresfjorden KFUK/KFUM ledig 100% stilling som ungdomsdiakon. Arbeidsområdet er i hovudsak Førresfjorden sokn.

*Meir informasjon på www.tysvaerkirken.no*



# Gjennom livet

## Døypte

**Førre kirke**
16.08 Rikke Rørtveit
20.09 Mileah Neverdal Aksdal
20.09 Tiril Amalie Birkeland
20.09 Sophia Østevik
20.09 Henrik Vangsnes-Kvalavåg

**Aksdal kyrkje**
06.09 Sara Østhus
13.09 Othilie Skogøy Eide
13.09 William Strand Huglen
13.09 Tiril Huglen-Korneliussen
04.10 Hermine Rugtveit Torbergsen
25.10 Victoria Knutsen
25.10 Vebjørn Vikingstad

**Tysvær kyrkje**
13.09 Olai Simonsen
18.10 Levi Høyland Sandsgaard

**Bokn kyrkje**
20.09 Tarjei Taraldlien Våga
27.09 Sindre Sæbø Mæland

**Skjoldastraumen kyrkje**
23.08 Theodor Grongstad
23.08 Matheo Silgjerd Lindebrekke
23.08 Emil Maage Langelandsvik
05.09 Bjørnar Bådsvik
13.09 Ella Olivia Grinde Görgülü
04.10 Karoline Tørresdal

**Nedstrand kyrkje**
16.08 Liam Davidsen Landråk

## Vigde

**Førre kirke**
15.08 Amalie Gjerde Sternhoff og Tjerand Eike

**Aksdal kyrkje**
10.10 Miriam Nguyen-Larsen og Christoffer Thien Nguyen-Larsen

**Tysvær kyrkje**
05.09 Silje Nygård Ualand og Roger Førland

12.09 Silje Angler Bakken og Ørjan Nesheim

## Jordfesta

**Førre kirke**
20.08 Hans Olav Sternhoff
20.08 Einar Eikeskog
21.08 Lars Erik Myrvang
11.09 Torbjørn Lønsetteig
25.09 Arne Andreas Kallevik
13.10 Bernt Alfred Førre
16.10 Finn Olav Tømmerås

**Aksdal kyrkje**
20.10 Øyvind Kleppe
(jordfesta i Skjoldastraumen)

**Tysvær kyrkje**
04.09 Signe Søndenå
18.09 Sivert Falkeid
08.10 Borghild Gismarvik
29.10 Arne Normann Sørenes

**Bokn kyrkje**
09.10 Arvid Ragnar Søndeland
27.10 Tore Taraldlien

Nedsette urner:
Asbjørn Kornelius Simonsen
Ingunn Elisabeth Hognaland

**Skjoldastraumen kyrkje**
03.09 Peder Severin Tørresdal
06.11 Anna Steinsland

Nedsett urne: Kjell Inge Øvrebø

**Nedstrand kyrkje**
15.09 Målfrid Tveit Fredriksen
02.10 Andreas Engevik


Hvordan har du det...
EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST


**Neste nummer kjem i postkassen ca. 19. mars**

**Frist for stoff til nr 1/2021: 26. februar**

*Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142*

# Velkommen til kyrkje

*Me følg FHI sine smittevernregler. Det blir åpent for maks antall personar i forhold til byggets størrelse, med 1 meter avstand. Pga situasjonen kan det bli endringer, følg med på nyheter/annonser.*

## Aksdal kyrkje

**22. november kl.11.00**
Gudstjeneste
Presentasjon friluftsliv gruppe 2 konfirmanter.

**6. desember kl.18.00**
Lysmesse
Kappeutdeling for friluftsliv gruppe 1 konfirmanter.

**13. desember kl.11.00**
Gudstjeneste

**24. desember kl. 14.30 og 16.00**
Julegudstjeneste

**25. desember kl.12.00**
1.juledagsgudstjeneste

**31. desember kl.16.00**
Nyttårsaften gudstjeneste

**17. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**24. januar kl.11.00**
Ung Messe

**31. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**21. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

**28. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

## Tysvær kyrkje

**29. november kl. 11.00**
Lysmesse

**13. desember**
**kl. 16.00:** Vi syng Jula inn med Barnekoret
**kl. 18.00:** Vi syng Jula inn med Førland Skulekorps

**24. desember kl. 14.30 og 16.00**
Julegudstjeneste

**25. desember kl. 12.00**
1.juledagsgudstjeneste

**1. nyttårsdag kl.19.00**
Høytidsgudstjeneste

**17. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**31. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**14. februar kl.15.00**
Gudstjeneste

**28. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

## Bokn Kyrkje

**29. november kl. 18.00**
Gudstjeneste

**13. desember kl.11.00**
Gudstjeneste

**24. desember kl. 13.00**
Julegudstjeneste

**31. desember kl.16.00**
Høytidsgudstjeneste

**10. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**24. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**14. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

**21. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

## Førre kirke

**29. november kl.11.00**
Gudstjeneste

**24. desember kl. 14.30 og 16.00**
Julegudstjeneste

**10. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**14. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

## Skjoldastraumen kyrkje

**29. november kl. 19.30**
Lysmesse

**13. desember kl. 11.00**
Gudstjeneste. Sendes direkte på Tv-Haugaland kl.11 (reprise kl 20)

**24. desember kl.13.45 og 15.00**
Julegudstjeneste

**26. desember kl. 11.00**
2.juledagsgudstjeneste

**17. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**31. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**14. februar kl.11.00**
Gudstjeneste (Bibel til 10-åringer)

## Nedstrand kyrkje

**29. november kl.17.00**
Lysmesse

**24. desember kl.14.45 og 16.15**
Julegudstjeneste

**25. desember kl.12.00**
1.juledagsgudstjeneste

**31. desember kl. 18.30**
Høytidsgudstjeneste

**10. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**24. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**7. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

**14. februar kl.16.00**
Barnegudstjeneste

**21. februar kl.11.00**
Gudstjeneste (Bibel til 10 – åringer)